



Hauglandsfjellet mot Ulvanosa

© Kåre Eik

Foto i turstibrosjyra teke av Kåre Eik

Det er gjort ein storinnsats med merking av og opplysning om merkte turstiar i Kvinnherad og no er ein ny, viktig del av prosjektet på plass: Ei hendig og grei brosjyre som kan tena som ein inngangsportal for dei som vil ta ein tur i ein mangfaldig og fascinerande natur.

Brosjyra blir seld på turistkontoret i Rosendal for 25 kroner.

Turstiprosjektet er eit fellesprosjekt mellom Kvinnherad Turlag og Kvinnherad Turistinformasjon.

Som det også blir streka under i brosjyra har dei lokale turlaga gjort ein kjempeinnsats og dei har forplikta seg til å halda stiene merka og i god stand.

Prosjektet omfattar tilsaman 69 merkte stiar og 10 av dei er å finna i Uskedalen sitt område: Ulvanåso frå Uskedalen, Ulvanåso frå Utåker, Kalkestasjonen, Manen, Englafjell frå Eik, Englafjell frå Fet, Mannsvatnet, Dønhaug - rundtur frå båthamna, Solfjell og Tverrfjell.

Brosjyra gjev ein kortfatta oversikt over turstilbodet og beskriv startpunkta. Ved desse gjev informasjonstavler opplysningar om

vegen vidare.

Meir detaljert informasjon og planleggjingskart finn ein også på www.visitsunnhordland.no Så kan ein skriva ut tekst og kart og ta med på turen.

Symbol med variert fargebruk gjev opplysning om kor krevjande dei einskilde turane er.

Til dømes er dei 4 turane til Ulvanåso og Englafjell rubriserte som 'ekspert' og er for erfarne fjellfolk medan turen til Kalkestasjonen også kan nyttast av rullestolbrukarar.

Brosjyra har også fine fotos, fortel om den gamle postvegen og peikar på 7 punkt som handlar om respekt for fjellet. Det er også viktige opplysningar der om korleis ein skal oppføra seg i utmarka.

Det er i det heiletatt imponerende kor mykje viktig informasjon som er å finna på ein begrensa plass.

Av Ola Matti Mathisen



Foto i turistsjyre teke av Kåre Eik